



ÅRSMØTE 2022

25. mai kl 12.30

på Straume bibliotek

Sak 1: Opning

Opning ved leiar

Sak 2: Godkjenning av innkalling og dagsorden

Årsmøtet vart kunngjort på Treff+ si Facebook side samt på kommunen sine heimesider den 06.05.2022. Det vart og hengd opp plakat på bibliotek/innbyggjartorg og på dei tre sentera, Sartor Storsenter, Rong senter og Sundsenteret.

Saksdokumenta vart ferdigstilt 18.05.22, og gjort tilgjengeleg på kommunen sine heimesider, link til denne på Treff+ si Facebookside, papirformat i biblioteka og ved opning av årsmøtet.

Dagsorden for årsmøte i Treff+ 2022:

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
3. Val av møteleiar, referent og to medlemmar til å underskrive protokollen.
4. Årsmelding frå styret.
5. Rekneskap og revisor-rapport.
6. Behandla innkomne forslag.
7. Handlingsplan for komande år.
8. Budsjett
9. Val av styreleiar
10. Val av styremedlemmar
11. Val av revisor og tre medlemmar til valkomité.
12. Avslutning

Framlegg til vedtak:

Innkalling og dagsorden vert godkjend.

Vedtak:

Sak 3: Val av møteiar, referent og to medlemmer til å skrive under protokollen (iflg vedtektene)

Framlegg til vedtak:

Forslag til møteiar: Berit Anita Knudtsen Larsen

Forslag til referent: Unni Sørensen

Til å underskrive protokollen veljast -----(forslag på to frå salen)

Vedtak:

Sak 4: Årsmelding fra styret i Treff+ for perioden

1. januar – 31. desember 2021.

Organisasjonens bakgrunn og formål

Treff+ er eit ope kultur- og handletilbod med aktivitet sidan 28. mai 2015. Treff+ var stifta som eige organisasjon 30. september 2020, og registrert i Brønnøysundregisteret 29/10 2020.

Treff+ er eit samarbeid mellom Øygarden kommune, Sartor Storsenter, Sund senter og Rong senter. Treff+ samarbeider med Aktiv+ og liknande frivillige organisasjonar.

Foreininga har som føremål å tilby aktivitetar for kommunens seniorar, som skal gi auka livskvalitet og demme opp for einsemd.

Styret

Leiar Berit Anita Knudtsen Larsen, kasserar Bjørn Rathem, styremedlemmar: Thomas Skålnes (Sartor Storsenter), Beate Ophaug (Emil), Rune Erichsen (Sund senter) Marita Solsvik Solås (Rong senter) og Unni Sørensen (Øygarden kommune).

Det har vore tre styremøte i 2021. I tillegg har styremedlemmar vore med i arbeidsgrupper for ulike aktivitetar.

Treff+ har fått eige Facebookgruppe som er administrert av Rune Erichsen frå Sund senteret som administrator: Øygarden Treff+


Medlemstal

Treff+ rabatt- og medlemskort for 2020/21 var dela ut i samarbeid med innbyggjartorga. Hittil har vi registrert 33 medlemmar. Medlemskap er gratis. Nye kort for 2022/23 er ferdige og er tilgjengelege på innbyggjartorga.

Aktivitetar

2021 har for Treff+ vore prega av lågare aktivitet grunna covid-19, som for dei fleste andre organisasjonar. Vi har klart å gjennomføre følgande:

- Datakurs (grunnkurs) for seniorar vart arrangert i samarbeid med Harddisk og alle tre sentera frå 26.8-02.12.21. Datakursane varte frå klokka 10-15 og fekk servert te og kaffi. Grunna smitterestriksjonane måtte vi ha maks fem deltakarar per kurs og alle måtte ha med eigen lunsj. Totalt deltok 52 seniorar. Kursane var gratis og dekkja av tilskot frå Øygarden kommune. Personvern var godt ivareteke av profesjonelle instruktørar. Tilbakemeldingane har vore særst gode. Styret håpar at dette kan gjennomførast også i 2022.



- Måndag 30.8 var det opning av Filmfestival for seniorar og moteshow. Festivalen vart opna av ordførar og styreleiar. Moteshowet vart gjennomført i samarbeid med Odeon kino Sotra og butikkane Emil, INIstyle, Match, Instinct og VIC. Dette var det første arrangementet vi klarte å gjennomføre innan dei gjeldande restriksjonane. Det kom om lag 50 tilskodarar og alle fekk servert sprudlevatn utan alkohol og kanapear som var leverte av Spisekroken.



Treff+ fekk førespurnad frå frivilligkoordinatorane på institusjonane om det var mogeleg også å gjennomføre moteshow for eldre som bur på institusjon. Vi fekk snudd oss raskt og gjennomførte to show saman med Matilla og Instict på Tednebakane (18/11) og Fjell sjukeheim/Straume Bu- og Servicesenter (25/11).



- Juleavslutning på dei tre sentera starta 1. desember på Rong senter, 2. desember på Sartor storsenter og 8. desember på Sund-senteret. Det var kanelbollar frå Urtebakeriet, juleblomar frå dei lokale blomebutikkane, kaffi og trekkspelmusikk frå Seniorkameratane.



Avslutning

Treff+ er takksame for samarbeid med Øygarden kommune, Sartor Storsenter, Rong senter og Sundsenter. Takk for velvilje frå butikkane til å stille opp til moteshow og gje gode tilbod, og til mannekengane.

Styret har som ønskje for 2022 at vi kan tilby fast transport til våre aktivitetar. Transport er avgjerande for at ein organisasjon som Treff+ skal lukkast.

Styret, 6. mai 2022

Berit Anita Knudtsen Larsen (leiar) (s)

Bjørn Rathem (s)

Thomas Skålnes (s)

Rune Erichsen (s)

Marita Torsvik Solås (s)

Beate Ophaug(s)

Unni Sørensen (s)

Framlegg til vedtak: Årsmeldinga vert godkjend

Sak 5: Rekneskap og revisorrapport

Treff + Regnskap 2021

Inntekter		2021
Kommunal tilskudd		90000
Sum inntekter		90000
Utgifter		
Bank kostnader		31,5
Aktiviteter		51570,5
Sum utgifter		51602
Driftsresultat		38398

Aktiviteter består både av interne styremøter og tilstelninger på alle kjøpesentre

Regnskapet er avstemt mot bank og alle uttak er signert av både styreleder og et styremedlem

Et fint årsregnskap 2021 for Treff+
Bilag og Bank er kontrollert
Regnskapet kan godkjennes som det er

Straume 11 mai 2022

Revisor



Jan Trygve Borlaug

Sak 6: Handsaming av innkomne forslag og saker

Styret har ikkje motteke nokon saker som skal handsamast på årsmøtet

Sak 7: Handlingsplan for 2022

- [Datakurs](#) startar opp 25. august:

Onsdag 10-15 bibliotek Rong	Onsdag 10-15 bibliotek Skogsvåg	Torsdag 10-15 bibliotek Straume
31/8: Rong	7/9: Skogsvåg	25/8: Straume
21/9: Rong	28/9: Skogsvåg	15/9: Straume
19/10: Rong	26/10: Skogsvåg	6/10: Straume
		3/11: Straume
		10/11: Straume

- Moteshow haust 2022/23
- Juleavslutningar
- Litterær matpakke (siste torsdag kvar måned, berre på [Straume biblioteket](#)).

Framlegg til vedtak.

1. Årsmøtet godkjenner handlingsplan med mynde til styret til å foreta eventuelle endringar for 2022/23.

Sak 8: Budsjett 2022

Budsjett 2022	Inntekter	Utgifter
Bankkonto	38398	
Bidrag frå Øygarden kommune	25000	
Aktivitet Straume, Rong og Sund		30000
Administrasjon, styre		7000
Sum	63398	37000

Budsjettbalanse

Debet		Kredit	
Inntekter	63398	Utgifter	37 000
		Overskudd	26 398
Sum	63398		63398

Framlegg til vedtak:

Budsjettforslaget vert godkjend

Sak 9: Val av styreleiar for eit år

Innstilling frå valnemnda

Som leiar innstillast Berit Anita Knudtsen Larsen for eitt år

Berit Anita Knudtsen Larsen og Unni Sørensen har fungert som valkomite ettersom dette er Treff+ sitt første årsmøte og det ikkje har vore val av valkomité tidlegare.

Sak 10: Val av styremedlemmar for eit år

Leiar: Berit Anita Knudtsen Larsen

Styremedlem: Rune Erichsen, Sundsenter
Styremedlem:: Marita Torsvik Solås, Rong senter
Styremedlem: Thomas Skålnes, Sartor senter
Styremedlem: Ann-Margreth Trellevik, Treff+ Sund
Styremedlem: Vigdis James, Treff+ Rong
Styremedlem: Unni Sørensen, Øygarden kommune
Styremedlem: Lia Strohmeier, Match Sartor Storsenter
Varamedlem: Beate Ophaug, Emil Sartor Storsenter

Sak 11: Val av revisor og to medlemmar til valkomité.

Revisor:

Som revisor innstillast Kjell Bergesen for eitt år.

Straume, Rong 18.05.22

Berit Anita Knudtsen Larsen og Unni Sørensen

Forslag til neste års valkomité er;

Forslag: (xxx)

Framlegg til vedtak:

Valnemndas innstilling vert godkjend.

Sak 12: Avslutning ved leiar